

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

HAUSTEN 2021



Konfirmantleir på Fjone

«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

«Han tek ikkje glansen av livet»

Ein septemberdag med milde seinsommar drag i lufta slår me av ein prat med John Nordbø. John fortel at han fekk oppvekståra sine på Kyrkjeneset i Kyrkjebygda saman med foreldra Asborg og Knut og bror Olav. Som så mange andre unge frå kommunen vår var han utanbygds nokre år på skular og i arbeid. I Kristiansand arbeidde John med produksjon av kassetar med kristen forkynning før det bar heimover til husbygging og familieliv saman med kona Jorun og borna Kristine og Øyvind.



– Då du voks opp på 1950- og 60-talet, var det nok rikeleg med song i skulen?

– Ja, frå skuleåra på Baksås minnest eg at me alltid opna dagen med song. Som avslutning på skuledagen stod me ved pultane og song «Fager kveldssol smiler», noko som eg synest skapte ein god atmosfære. Elles voks eg opp med at foreldra våre var trufast med på møte og gudstenester. Eg har gode minne frå åra då eg blei med på «stormøta» på Fjone og stemnet på Tørdalsheia. Talene var nok ikkje så viktige for oss yngre, men songane, mange av dei same år etter år, tona med i sinnet vidare.

- Og då er det kanskje ein av desse songane frå oppvekståra som du vil dele med oss?

- Ja, ein av dei fine songane som eg har hatt med meg heilt frå barneåra, er «Han tek ikkje glansen av livet», ein song som òg var med på å gje retning til livet. Det blei òg litt spesielt for meg at eg fekk forfattaren av songen, Trygve Bjerkrheim, som lærar då eg gjekk på Bibelskulen på Fjellhaug i Oslo. Like eins har det vore litt underleg å ha i tankane at songen blei til då Trygve Bjerkrheim var på veg til Nissedal for å halde 17.mai-tale. Songen er stadig ein inspirasjon til å vere med «å bygge Guds rike» i kyrkje, bedehus og samfunn. Glansen over livet som songen fortel om, vil eg gjerne ha med meg i dagar og år heilt til Jesus vil «dra båten i land».

TV

Han tek ikkje glansen av livet, nr. 355 i Norsk Salmebok

Han tek ikkje glansen av livet,
den Frelsar som kallar på deg
fyrst då kan for alvor du leva
når han får deg fylgja på veg.

Han fører deg frelst over fjorden,
heilt fram til den himmelske strand.
Når døden sin brottsjø du møter,
vil Jesus dra båten i land.

Du høyrer dei dårande røyster
som lovar deg gullglim og glans,
men ingen legg lys over vegen
som Jesus og kjærleiken hans.

Han tek ikkje glansen av livet,
han gyller din morgon og kveld
og opnar ei dør til dei salar
der æveleg høgtid du held.

Han hjelper i brattaste bakkar
og stør deg når vegen vert smal.
Han signar dei sollyse sletter,
og lyser i dødsskuggens dal.


Trygve Bjerkrheim, 1950

Kondolere

Kondolere er eit rart ord, eit vanskeleg ord. Men kva tyder så det?

Når vi møter nokon i sorg og smerte, kan det vere enklare å bruke eit framandt ord som me nesten ikkje forstår. Eller er det ikkje slik?

Ordet tyder egentlig «med smerte», con dolore, på latin, eller saman i smerte. For ordet con tyder saman med , og dolore er smerte. Og vi bruker det når vi møter menneske som har mista nokon som dei er glad i. Fyrste gongen eg høyrde det, var i ei gravferd som liten. Då virka det veldig framandt og skremmande. Det er ikkje lett å finne på noko å seie i møte med sorga. Difor er det ikkje naudsynt å seie så mykje. Det er heller å vise inderleg medkjensle med dei sørgjande, men ordet kondolere er blitt eit fast ord i det norske språket.



Jesus viser oss i teksten frå Lukas 7,11-17 at ein kan bruke andre ord som tyder det same, til dømes inderleg medkjensle.

«Alle» i byen Nain var med i den gravferda som vi les om her. For det var ei enkje som no hadde mista sin einaste son. Difor var ho blant dei mest hjelpelause i den tida. Ho hadde ingen til å sørge for seg. Fyrst hadde ho mista ektemaken sin. Men då hadde ho sonen som kunne ta seg av ho, i alle fall då han vaks til og blei meir vaksen. Men no stod ho på bar bakke. Og kjensla av å vere etterlatt og åleine måtte vere sterk. Då var det godt å merke at byen stod saman med henne i denne sorga, og denne gravferda.

Gravfylgjet var på veg ut frå byen, frå livet til gravplassen utanfor byporten. Jesus var på veg inn til byen, inn til menneska som budde der. Dette møtet blir bokstaveleg som teksten i salme 121: «Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid».

Døden fekk ikkje siste ordet, det fekk Jesus. Og det står at han fekk inderleg medkjensle med kvinna. Det er det som ordet kondolere tyder, inderleg medkjensle. Men det må ikkje berre bli eit munnhell, eit ord. Det viser seg om vi orker å vere til stades, utan å kunne gjere noko.

Den kristne trua på oppstoda frå dei døde kjem oss i møte saman med Jesus .Vi kan ikkje stanse døden. I vår verd, og etter vår makt, så har døden siste ordet. Jesus møter døden, han stansa dei der ved byporten. Han sa: Stå opp!

I dåpen og attmed gravkanten lyder det i vår liturgi orda frå 1.Peters brev: Lova vere Gud og vår Herre Jesus Kristi Far. Han som etter si store miskunn har atterfødd oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

Sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr

TRUSOPPLÆRING hausten 2021

NATTCAFÈ på Bedehuset i Treungen kl. 20.00 – 00.00 Kvar siste laurdag i månaden.

Datoar for 2021 er: 25. sep., 30. okt. og 27. nov. For 2022: 29. jan., 26. feb., 26. mars og 29. april.

Her blir det servert pizza og mange ulike aktivitetar.

Samlingane er for ungdomsskulen og vidaregåande. Velkomen ☺

ALDRI ALEINE på Bedehuset i Treungen kl. 17.30-19.00 ca annan kvar måndag. Desse datoane for hausten 2021: 8. nov, 22. nov. og 6. des.

Målet med Aldri aleine er å skape trygge rom der tenåringar kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn. Nokre stikkord er: «Felleskap og relasjonar», «trygg kvardagstru på Jesus» og «sjølvbilde». Samlingane er for 6. og 7. klasse. Velkomen☺



Program for søndagsskulen I Felle kapell haustsemesteret 2021

Måndag 25. oktober

Måndag 22. november

*Sundag 28. november adventsgudsteneste
og jolegrantenning*

Samlingane starter kl.17.00

SUNDAGSKULEN I NISSEDAL hausten 2021 Frå kl. 11.00 -12.00

10. oktober

31. oktober

14. november

28. november

12. desember

Program for søndagsskule og tårnagentar I Bedehuset i Treungen haustsemesteret 2021

*Sundag 03.10. familiegudsteneste Treungen
kyrkje*

4 års bok

Sundag 17.10. kl.11.00

23.-24.10. Barnegospelfestival

*Sundag 31.10. familiegudsteneste i Treungen
kyrkje saman med Frikyrkja*

Sundag 07.11. kl.11.00

Sundag 05.12. Adventssamling Haugsjåsund

*5. jolelag – søndagsskulens jolefest i Bedehuset
kl.17.00*

Hjarteleg velkomen!



LAURDAGSKVELD på bedehuset i Kyrkjebygda

Velkomen til deg som går i 7. -10. klasse frå Kyrkjebygda/Nordbygda.

Vi samlas desse dagane i haust: 16. oktober og 13. november kl. 19.00 -22.00

Du kan ta med snacks/smågodt til deg sjølv viss du vil.

*Få vere saman * spel/leik * vi lagar mat * bibelord/undring

NISSEDAL YNGRESLAG hausten 2021

Torsdagar frå kl. 17.30 . 19.00 (1. – 7. klasse)

Oktober

7. Delta på Hausttakkefest i kyrkja

21. Spel – hobby – utlodning

November

4. Hobby – spel – bollar og saft

18. Spel – hobby – utlodning

Desember

2. Adventsgudsteneste i kyrkja kl. 18.00

Tenning av jolegrana og grautfest på bedehuset.



KONFIRMANTLEIR PÅ FJONE

Ein flott leir for alle i 9.klasse på Fjone

Tradisjonen tru vart det leir på Nisser camping frå fredag 27.august og til laurdag 28.august.

Det er greitt å ha leir når ein har så fine rammer som her, og så mange gode leiarar som stiller opp friviljug år etter år. Ein stor takk til Tor Eivind og Linda som er så trufaste.

Det er og eit samarbeid med Frikyrkja, og det er trygt og godt å ha med Rut som leiar.

I år var det 16 ungdomar som var med. Og aktivitetane var Capture the flag, det var rappelering ved Omnen, og det var Tarzan slynga.

Vi bur i Gamma på campingplassen, og steller all maten sjølv. Og i år var alt så mykje enklare av di det var så fint eit ver.



Sundagsskulens dag

Sundag 22. august feira me sundagsskulens dag 2021. Sidan det er eit barnevenleg område kring kyrkja og bedehuset i Nissedal, vil ein arrangere denne dagen i Nissedal kvart år, men det vil gå på omgang mellom sundagsskulane å vere arrangør. I år var det Frikyrkja som hadde ansvaret.

Rut Stokstad Nielsen talte, men ho hadde god hjelp av hjelpeleiarane i Slush-gruppa. Dei viste eit TV-show, der folk som var i krinsen kring Moses blei intervjuja om korleis dei opplevde dagane i ørkenen, og kva dei tenkte om at Moses reiste opp ein slange som dei skulle sjå på for å bli friske. Det var ein artig måte å levandegjere ei av forteljningane i det gamle testamentet på!

Denne sundagen var det mykje folk i kyrkja, både store og små, frå mange kantar av kommunen. Leiarane av sundagsskulane fekk ordet for å seie når dei startar opp i haust: i Frikyrkja, på bedehuset i Treungen, på Felle, på Fjone og i Kyrkjebygda. Det er flott at me har så mange sundagsskular i kommunen! (Sjå info annan stad i Kyrkjelydsbladet.)

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi utanfor bedehuset, og me måtte synge bursdagssongar for tre «jenter» som hadde bursdag denne dagen. Den eldste er Solveig Røysland. Ho får biletet sitt i bladet. Ho var 95 år denne dagen og ho er ei som har vore sundagsskulelærer i Kyrkjebygda i mange år tidlegare.

GBR-M.



FRÅ KYRKJEKONTORET

Haustkonfirmasjon i Nissedal

No har soknerådet vedteke at konfirmasjonane blir lagt til fyrste laurdag i september kvart år.

Det er fordi den felleisleiren på Gjennestad for alle konfirmantane i Øvre Telemark prosti er lagt til slutt i konfirmantåret, i august.

Soknerådet ser det som særst verdfullt at vi er med på den leiren. Då blir konfirmantane våre kjende med ungdomar frå andre kommunar som dei kan hende skal gå saman med på vidaregåande skule .

Og sjølve leiren får topp evaluering frå leiarar, prestar og ungdomane.

For nokon er det litt rart å gje slepp på konfirmasjon i Pinsa. Men vi legg hauskonfirmasjonen til laurdag, av omsyn til dei som har lang reiseveg. Og så tenker vi at det vil gå seg til etter kvart.

For konfirmantåret 21/22 er då konfirmasjonsdagen sett til 3.september.

Konfirmantar 2021/2022

Isak Vee Tveit	Elise Schalla Haugsjå	Ånund Tveit
Andreas Tveit	Marianne Evja	Gro Setane-Sundsli
Jakob Viddal Cummins	Siv Setane-Sundsli	Noah Solli
Taran Svendsen	Anna Haugsjå	Vilde Lohne Thronsen
Maren Svalestog Hauge	Thomas Lauvdal Follaug	Mikkel Skansen Veum
Adrian Langvannskås Øksholt	Lea Maria Jermansen (Frikyrkja)	

Korleis få tak i presten og dei tilsette i kyrkja i Nissedal?

Vi lever i ei ny tid. Nå er det eit mobilt samfunn som møter oss. Og mykje skjer ved mailkontakt, eller at ein ringer eller sender melding til eit mobilnummer.

Som *prest i Nissedal* har eg ikkje lenger fasttelefon i prestegarden. Televerket ville ikkje reparere fasttelefonnettet etter eit lynnedslag, for detta nettet blir fasa ut, sa dei.

Men eg har mobiltelefon. Og den kan de nå meg på til alle døgnets tider. Det tyder ikkje at eg kan svare med ein gong, men eg vil ringe opp att når det høver. Og sender de melding ser eg om det hastar eller ikkje.


Og mitt mobilnummer er altså **90 79 93 68**

På *kyrkjekontoret i Treungen* er det framleis fasttelefon, men om de ikkje når fram dit, så berre ring mobiltelefonane som de ser i Kyrkjelydsbladet.

Om det er ynskjeleg med personleg oppmøte, så er det opent på *prestekontoret* tysdag og torsdag kl 10-13, men er eg ute i anna oppdrag, er det berre å avtale andre tidspunkt. Eg er fleksibel og kjem heim til folk både på ettermiddagstid og kveldstid. Presten har fri på måndagane.

Kyrkjekontoret er opent tysdag, torsdag og fredag frå kl 09-13. Her gjeld det same, om ein er ute i anna oppdrag, er det berre å ringe mobilnummer **99 54 45 43** og avtale ei tid, helst innan vanleg arbeidstid. Kyrkjevevja har fri på onsdagane.

Knut Bjørn Skyttemyr, sokneprest



GUDSTENESTELISTE MED OFRING HAUSTEN 2021

Okt.

3.	Kl. 11.00 Treungen	4- årsbok Nattverd	ACTA Telemark
7.	Kl. 18.00 Nissedal	Haustattakkefest	Kyrkjelydarbeidet
17.	Kl. 11.00 Nissedal	Nattverd	Søndagskulen i Telemark
31.	Kl 11.00 Treungen	Saman med Frikyrkja	
31.	Kl. 18.00 Nissedal	Familiegudst.	ACTA Telemark

Nov.

7.	Kl. 18.00 Treungen	Minnegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
28.	Kl. 17.00 Felle	Jolegrantenning	Diakoniprojektet i Mali

Des.

2.	Kl. 18.00 Nissedal	Jolegrantenning	
5.	Kl. 18.00 Treungen	Vigsling av kantor m/ besøk av biskop Stein Reinertsen	Kyrkjelydsarbeidet
19.	Kl 18.00 Treungen	Vi syng jola inn	Kyrkjelydsarbeidet
22.	Kl. 09.30 Treungen	Skulegudsteneste	
24.	Kl. 13.00 Felle	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24.	Kl. 14.30 Treungen	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24.	Kl 16.00 Nissedal	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
25.	Kl. 11.00 Treungen	1.joledag	Diakoniprojektet i Mali

PROGRAM FOR FRIKYRKJA 2. HALVÅR 2021

Endringar kan skje.

Følg med på heimesida:

www.treungenfrikyrkje.no

Oktober

- 07.19.00 Kveldskafè
- 17. 18.00 Gudsteneste. Nattverd
- 18. 17.30 Speidaraktivitet
- 19. 19.00 Kvinneforening
- 23.-24. BGF Kragerø (avlyst)
- 26. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 31. 11.00 Gudsteneste. Sundagssk. og Tårnag.

November

- 01. 17.30 Speidaraktivitet
- 02. 19.00 Kvinneforening
- 08.17.30 Friklubben
- 09. 18.00 Kyrkjelydsmøte

- 14. 11.00 Gudsteneste ” Global uke”
- 15. 17.30 Speidaraktivitet
- 16. 19.00 Kvinneforening
- 18. 19.00: Kveldskafè
- 21. 16.00 Middag i heimane
- 23. 18.00 Dugnad. Jolemessa
- 26. 18.00 Jolemessa
- 27. 11.00 Jolemessa
- 28.11.00 Misjonsgudsteneste. Nattverd
- 29. 17.30 Speidaraktivitet – joleavslutning
- 30. 19.00 Kvinneforening

Desember

- 06. 17.30 Friklubben- joleavslutning
- 07. 18.00 Dugnad/fellesskap
- 12. 11.00 Familiegudsteneste.
- 24. 15.00 Familiegudsteneste.
- 29. 17.00 Sundagsskulens jolefest.

Bøn torsdag kl 09.00

Treungen frikyrkje sin gavekonto:

2714. 10. 06628. Vipps nr. 27037

”Alfa-gruppe hos pastoren”

Vi startar opp med middag 6.okt kl 16.30 i Landvik 21 – Her får dei som kjem, god mat og ei innføring i kva Alfa er og kva som er planlagt. Her melder ein seg på kurset om ein vil, og kan komme med innspel til tidspunkt.

Opplegget består av 11 samlingar, som vi vil gjennomføre i løpet av skuleåret. På ei samling blir det først litt tid til prat og ein te-kopp (20 min) så er det ein undervisningsfilm (25 min) før vi har ein halvtime med samtale. Vi trur dette er eit bra opplegg for dei som ønskjer å lære meir om bibelen og den kristne trua. Det er rom for samtalar om tru og tvil og dei store spørsmåla i livet dersom gruppa ynskjer det.

Påmelding til alfamiddag innan 4.okt til Rut S Nielsen: 93468174

Husfellesskap:

Vi har starta opp med ei husgruppe og målet er å vekse slik at vi etter kvart må delast, så vi ynskjer ulike generasjonar og kjønn hjarteleg velkommen. Vi legg opp til å møtast to sundagar i månaden frå 19.00-21.00. Vi drikk te, pratar, ber og har samtale rundt ein evangelietekst.

For informasjon og påmelding ta kontakt med Lena Haugsjå på: 90685202

Felle frikyrkje hausten 2021

∕ **Sundag 3. okt.** kl.11.00: Tale og sang ved Jens Bergsland
∕ **Sundag 28. nov.** kl. 11.00: Tale og sang ved Arvid og Ester Lindal

∕ **Alle velkomne!**

Møte på Haugsjåsund grendehus hausten 2021

Onsdag 13.okt. kl.19.00: Tale og song av
Johannes Bakken.
Kollekt og enkel servering.

Sundag 5.des. kl.11.00: Adventsstund
Andakt ved Torill Sønderland
Geir Chr. Enger og
Marie Kornmo Enger hjelper
oss med jolesongar.
Kollekt og enkel servering.

Vel møtt!

FJONE BEDEHUS


Damenes kvar første onsdagi månaden kl. 19.00.
Yngres, sjå eiga FB-side.
BASAR 19. NOV. KL. 18.30

Treungen Normisjon

Bedehuset – program 2.halvår 2021


Oktober	Måndag	04.	kl. 19.00	Bønsamling.
	Torsdag	07.	kl. 19.00	Møte, Arvid og Ester Lindal.
	Onsdag	13.	kl. 19.00	Me sluttar opp om møte i Haugsjåsund, - v/ Johannes Bakken.
	Torsdag	14.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.
	Fredag	15.	kl. 18.00	Basar.
	Torsdag	28.	kl. 19.00	Møte, Terje Olafsen.
	November	Måndag	01.	kl. 19.00
Fredag		05.	kl. 19.00	Sangkveld, Gla'sang frå Vegårshei.
Torsdag		11.	kl. 19.00	Bibeltide, Oddvar Svalastog.
Torsdag		18.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.
Torsdag		25.	kl. 19.00	Bibeltide, Knut Bjørn Skyttemyr.
Desember	Torsdag	02.	kl. 19.00	Møte.
	Måndag	06.	kl. 19.00	Bønsamling.
	Torsdag	09.	kl. 19.00	Møte, Arvid Hunemo.
	Torsdag	16.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.

Velkomne i Bedehuset.



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR. 3

2021

Prosjekt Ung i Nissedal


Ung i Nissedal er eit 4 årig prosjekt med støtte frå Vestfold-Telemark fylkeskommune si folkehelsesatsing *Rusfritt, Robust og Rettferdig*. Me arbeider for utjamning av sosiale skilnader, styrking av psykisk helse og førebygging av rusproblematikk. Me ynskjer å ha eit positivt fokus og vil arbeide for trivsel, gode inkluderande fellesskap og møteplassar.



Sommaraktivitetar

Sommarens satsing har vore todelt; sommaraktivitet for ungdom og sommarjobb til ungdom i forbindelse med aktivitetane. Åtte fredagskveldar gjennom heile sommaren har ungdommen kome saman, ete, spela musikk og fått prøve seg på ulike aktivitetar rundt om i kommunen. Det starta med eit innspel frå ungdommen sjølv, som syntest at det var ein del aktivitet for dei elles i året, men lite på sommaren.

Det er mange som har bidrege til aktivitetane. Politiet, Nissedal brannvesen og Nissedal røde kors møtte opp til ei samling i sentrum der me hadde fokus på vassvett. Der var bodskapen klar: Pass på kvarandre. Bruk vest og ver varsam med alkohol i båt. Sandvolleyballbanen i Evja har blitt pussa opp av ungdom i sommarjobb i samarbeid med Treungen IL. Her hadde me ein flott sommarkveld med grilling og ballspel. Elles har ungdommane prøvd ut ulike adrenalinaaktivitetar som vasskuter og tarzanslynge på Fjone, brusasseklattring og bogeskyting i Treungen sentrum og skating og streethockey i Kyrkjebygda. Me hadde også ein flott konsert i sentrum saman med kulturskulen. Me vil takke alle som har vore med, både ungdommen sjølv og frivillige lag og organisasjonar.





Planar for hausten

Me har planar også for hausten. I samarbeid med Mental helse Vest-Telemark skal me markere verdsdagen for psykisk helse. Då kjem dansaren Adil Khan for å snakke til ungdom i 9. og 10. klasse om korleis ein kan snu motstand til styrke. Kommunalt tilsette i ungdomskule, ungdomsklubb, helseteneste og kultur vil bli invitert. Utover hausten vil det bli arrangement for foreldre og andre vaksne som er opptekne av ungdom. Ungdomen er framtida vår, la oss saman ruste dei best mogleg slik at dei meistrar liva sine, føler seg inkludert og trivast.

Elin Fjalestad og Kristin Parkinson Vågen

Ung i Nissedal

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar:
Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal,
Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen,
priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn
3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON:

Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i
Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekne
med takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien

Bli kjent med den nye salmeboka

Salme nr. 882 i Norsk Salmebok (T: Tysk, før 1600; O: Bernt Støylen, 1905; M: Norsk folketone (Hallingdal))

Kyrkjelyden:

Eg veit i himmerik ei borg,
ho skin som soli klåre,
der er kje synder eller sorg,
der er kje gråt og tåre.

Der inne bur Guds eigen Son
i herlegdom og æra,
han er mi trøyst og trygge von,
hjá honom eg skal vera.

Eg er ein fattig ferdamann,
må mine vegar fara
herfrå og til mitt fedraland,
Gud meg på vegen vara!

Kristus:

Eg med mitt blod deg dyrt har løyst,
eg inn til deg vil treda,
og gjeva hjarta mod og trøyst
og venda sorg til gleda.

Er du meg tru og bruka vil
Guds ord og sakramente,
di synd er gløymd, di sorg vert still,
di heimferd glad du vente!

Når verdi all som drivesand
med gull og glede viker,
då stend eg ved di høgre
hand,
ein ven som aldri sviker.

Kyrkjelyden:

Eg fattig hit til verdi kom
og rann av ringe røter,
fer herifrå med handi tom,
og dødens vald meg møter.

Men visst eg veit ein morgon renn,
då dødens natt skal enda.
Mi lekam opp or gravi stend,
og evig fryd får kjenna.

Så hjelp oss du vår Herre Krist,
ditt blod for oss har runne!
Din beiske død har sant og visst
oss himmeriket vunne.

Me takkar deg til evig tid,
Gud Fader, alle saman,
for du er oss so mild og blid
i Jesus Kristus! Amen



Denne salmen er ei av dei eldste me finn i salmeboka. Den tyske forfatteren av teksten er ukjent. Salmen blei dikta med ein verdsleg melodi og trykt i heftet «Drey schöne Neue Geistliche Lieder» frå 1613. Heilt ny kan den ikke ha vore sidan Hans Christensen Sthen allereie hadde utgjeve si oversetting «Jeg veed et evigt Himmerik» rundt ca år 1600. I strofe to nemner den tyske teksten «das Jesus Kinderlein» (Jesusbarnet). Det kan vera ei antydning til julehøgtida, ev. advent. Salma er ei omskriving av den verdslege folkevisa «Es liegt ein Schloss in Oesterreich» frå det 16. århundre, difor det folkelege uttrykket. Bernt Støylen oversatte salma til nynorsk og den vart publisert i hans «Songbok for sundagsskule og oppbyggjingsmøte» i 1906. Den har også vore å finne i fleire av dei danske salmebøkene, men ikkje hos Kingo. Landstad utvida salma til 11. strofer, og Grundtvig har også ein versjon.

Teksten er ein dialog mellom kyrkjelyden og Kristus. I vers 1-3 møter me pilgrimens stemme før dialogen i vers 4-6 er lagt i munnen på Kristus. Vers 7-10 er kyrkjelydens takk til Herren. Denne salma har eit sterkt vandringsmotiv. Den ber også mykje preg av det kristne håpet, og at det finst noko som er sterkare enn døden. Den blir mykje bruka i gravferder, men ofte syng ein bare nokon få vers, noko som gjer at heilheten blir borte. Melodien er ein norsk folketone frå Hallingdal. Kjelda til denne er Lindemans «Ældre og nyere norske fjeldmelodier» til teksten «Der stander et slot i Østerrige».

Kantor: Maria Skjæveland

NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

Sokneprest

Knut Bjørn Skyttemyr

Kyrkjekontoret:

Tysdag og torsdag kl. 10 –13

Ellers treffetid etter avtale.

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skyttemyr

@nissedal.kommune.no

Kyrkjeverje Bente Meyer

Kyrkjekontoret: Tysdag, torsdag

og fredag kl. 9 -13

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer

@nissedal.kommune.no

Leiar i soknerådet:

Anita Haugstad Haugsjå

Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenar:

Anne Marie H. Larsson

Mobil.: 90 63 47 47

Kantor:

Maria Skjæveland

Mobil.: 94 06 02 69

Klokkar i Treungne kyrkje:

Reidun Lauvdal

Mobil.: 95 06 52 01

Prostdiakon Eilev Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

Kirkens SOS

Tlf: 22 40 00 40

Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn

Nissedal kyrkje

Dåp

4. september Thale Hogsrud. Foreldre: Even Hogsrud og
Sigrid Grimstvedt

26. september Timian Mortensen Vaa. Foreldre: Tore Andre Vaa
og Therese Mortensen

Gravferd

16. juli Alf Kåre Gilje. Død 08.07.2021 Fødd 1941

4. august Torleiv Nes. Død 29.07.2021. Fødd 1935

14. sep. Kjell Åsen. Død 5.9.2021. Fødd 1931

Treungen kyrkje

Dåp

7. august Leah Johannesen Vik. Foreldre: Rune Vik og
Vilde Opland Johannesen

Bryllaup

24. juli Ingrid Heimdal Larsen og

Sindre Aker Grimsrud

31. juli Britt Kverme og John Olav Lauvland

21. august May Iren Sundsli og Lars Magne Ullvang

21. august Maren Helene Blom Nilsen og

Ken Robin Jacobsen

Gravferd

24. sep. Øyvind Johannesen. Død 16.9.2021 Fødd 1957

Felle kapell

Gravferd

23. juli Anne Britt Felle. Død 16.07.2021. Fødd 1971

Bryllaup

28. august Sandy Røttingen og Lasse Fjellstad

Frist for innlevering av stoff til neste nr.: 8.11.2021

Gje di gåve ved bruk av VIPPS

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprojekt i Mali

123539 Gåve til Kyrkjelydsbladet

Kva byggjer du på?

Me har alle våre vanar. Og godt er det. Det ville vere slitsamt om me kvar dag måtte vurdere kvar minste handling som om me aldri hadde gjort det før.

Men med vanar går også ting av seg sjølv, utan at ein tenkjer. «Slik har det alltid vore, og slik er det bare». Eg køyrer bil til arbeid. Kvar dag. År ut og år inn, den same vegen. Vêr og føre skifter, men humpane og svingane er alltid dei same. Dei har visst alltid vore der....

Til ein dag: eg ser ein mur under vegen, som held vegen oppe. Eg har ikkje lagt merke til han før. Nokon må ein gong i tida ha laga han, lagt stein på stein til vegen blei slett og god å køyre på. Utan denne steinlegginga kunne eg ikkje ha køyrt der. Kva vil eg med dette?

Det er ikkje bare bilvegen som har ein grunn under seg. Slik er det også med livsvegen. Noko som ligg under og stør opp kring meiningane og verdiane mine. Eg tenkjer ikkje over det til dagleg, men det er der likevel. Nokon kan meine at dei er heilt sjølvstendige og ikkje påverka av nokon, dei er «selfmade». Nokon kan meine at det går an å vere «nøytral» t.d. i verdispørsmål.

Men for å kome dit eg er i dag, har eg utvikla meg og forandra meg bit for bit- stein for stein, i møte med andre menneske. Eg har vakse opp i ein familie sine tradisjonar og ein kultur sine tradisjonar. Det har prega meg. Då eg var liten, tok eg imot desse tradisjonane ukritisk. Etter kvart som eg voks til, vurderte eg kanskje meir kritisk, og tok eigne val. Nokon menneske bryt over tvert med det dei har vakse opp med og vel sin eigen veg prega av andre tradisjonar. Men ein grunnmur er der, enten ein har bygd på han i alle år utan å tenkje, eller ein har tenkt og grubla og meir medvite valt å byggje på han.



Nå ser eg muren under bilvegen kvar dag på veg til arbeid. Eg gler meg over han og dei som har bygd han. Kanskje eg skulle ofre muren i livsvegen min ein tanke også, og tenkje etter kven som har steinlagt han, og tenkje etter om det er den muren eg vil byggje vidare på?

I sommar sat eg ein dag og såg ut over ei hamn full av seglbåtar. Dei vippa i bølgiene, men dei tok ikkje av stad, for dei var fortøygde i pålar på bryggja. Det var ingen av båtane som var fortøygde i si eiga mast. Det hadde ikkje vore lurt. Slik er det med oss menneske også. Viss eg bygger alt bare på meg sjølv, stiller eg svakt når stormen kjem. Eg treng eit feste, ein grunnmur utanfor meg sjølv.

GBR-M.

Konfirmantar 2021



Bak f.v.: Thomas Birkedal Dahle, Bendik Fjalestad, Christopher Løyte og David Tarraldsen Johansen
Framme f.v.: Julianne Homme, Olav Aarak Underdal og Stian Almelien Lauvdal.
Prest: Knut Bjørn Skyttemyr, 4. september 2021



Fredrick Olsen Felle og Kristian Felle, 11. september 2021